

Høyringsnotat

Sivilavdelinga

Dato: 8. mai 2025

Saksnr: 25/2826

Høyringsfrist: 25. august 2025

Endringar i lovgjevinga som følgje av innføring av kjønnsnøytrale titlar og nemningar i domstolane

1 Hovudinnhaldet i høyringsnotatet

Justis- og beredskapsdepartementet gjer i dette høyringsnotatet framlegg om endringar i lovgjevinga som følgje av innføring av kjønnsnøytrale titlar og nemningar i domstolane. Departementet foreslår å endre nemninga «lagmannsrett» til «lagrett». Vidare foreslår departementet å endre tittelen «lagmann» til «lagrettsleiar/lagrettsleder» eller «nestleiar/nestleder i X lagrett», og å endre tittelen «førstelagmann» til «førstelagrettsleiar/førstelagrettsleder» eller «leiar/leder i X lagrett». Departementet oppstiller òg fleire alternative forslag, og ber om innspel til ytterlegare alternativ. Departementet har konsultert Språkrådet under arbeidet med forslaga.

Endringane har avgrensa økonomiske og administrative konsekvensar. Det vert ikkje gjort nokre materielle endringar. Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde frå den tida Kongen fastset.

2 Bakgrunnen for lovframlegget

30. april 2019 vart følgjande oppmodingsvedtak vedtatt i Stortinget, jf. oppmodingsvedtak nr. 497 (2018–2019):

«Stortinget ber regjeringen å sørge for kjønnsnøytrale titler i alle av statens virksomheter. Arbeidet med nye titler må skje i samarbeid med partene i arbeidslivet.»

«Lagmannsretten» er nemninga på det andre av dei tre domstolnivåa i Noreg. Dommarane i lagmannsretten vert kalla «lagdommarar», mellomleiarane som også er dommarar vert kalla «lagmenn», og leiaren for heile lagmannsretten vert kalla «førstelagmann».

I NOU 2019: 17 Domstolstruktur punkt 24.9 uttalte Domstolkommisjonen at ein bør vurdere å byte ut nemninga *lagmannsrett* med eit kjønnsnøytralt omgrep. Kommisjonen viste til at sjølv om omgrepet har ei viktig historisk forankring, speglar det ikkje lenger den faktiske kjønnsrepresentasjonen blant lagdommarar. Kommisjonen uttalte:

«Selv om lagmannsrett byttes ut, vil de stedsrelaterte navnene lagmannsrettene i dag har, kunne videreføres. Det vil gi en viss kontinuitet og markere de historiske linjene som vårt domstolsystem springer ut fra.

Mulige alternativer til betegnelsen lagmannsrett kan være lagrett, ankerett, overrett eller ankedomstol. Kommisjonen ser fordeler og ulemper med alle navnene. Det kan også være andre alternativer.

Det er også enkelte titler som i dag er knyttet til betegnelsen lagmannsrett. Kommisjonen vil her peke på at domstolleder vil kunne være en egnet betegnelse både på førstelagmannen og sorenskriveren. Begrepene lagsogn og lagdømme kan erstattes med rettskrets.

Eventuelle nye navn bør i alle tilfeller utredes nærmere. Hvis betegnelsen lagmannsrett utgår, vil det medføre endringer i prosesslovgivningen, herunder domstolloven.»

Få høringsinstansar uttalte seg om forslaga då utgreiinga var på høyring, og kommisjonen kom ikkje med forslag til nye titlar på lagmenn og førstelagmenn.

3 Historia til ankeinstansen og nemningar i dei andre nordiske landa

I vikingtida utgjorde «lagtinget» ei representativ forsamling som dekte eit større geografisk område og som mellom anna avsa dommar. Omgrepet «lagmann» kjem av norrønt «lǫgmaðr», og tyder «lovmann», altså ein lovkyndig person. Opphaveleg var lagmannen ein lokal ombodsmann for bøndene som møtte på tinget, men frå slutten av 1100-talet vart posisjonen omforma til ein kongeleg tenestemann som skulle dømme etter statleg lov, sjå nærmare Jørn Øyrehagen Sunde i Anna Catharina Horn og Karen Arup Seip (red.), *Lov og lovgivning i middelalderen – Nye studier av Magnus Lagabøtes landslov*, Oslo 2020 kapittel 6. På 1500-talet vart lagtinget formelt erstatta av den kollegiale domstolen «lagmannsretten». Omgrepa «lagmannsrett», «lagting» og «lagrette» synest i nokon grad å ha vore nytta om kvarandre i seinmiddelalderen og renessansen, sjå nærmare mellom anna Jens Arup Seip, *Lagmann og lagting i senmiddelalderen og det 16de århundre*, Oslo 1934. Etter innføringa av eineveldet gjennom Fredrik IIIs statskupp i 1660 skjedde all styring frå København, og frå 1666 til 1797 var «Overhof-Retten» dermed øvste ankeinstans i Noreg, med berre høgsteretten i København over seg i domstolhierarkiet. Overhof-Retten var ankeinstans for saker frå lagmennene og rådstuerettar med lagtingsrett. Om denne og den følgjande perioden, sjå *Fra stiftsoverrett til lagmannsrett 1797-1997, Borgarting lagmannsrett*, side 9.

I 1797 vart Overhof-Retten, lagtinga og rådstuerettane oppheva, og fire kollegiale stiftsoverrettar vart innførte som ny appellinstans med ein «justitiarius» som formann. I medhald av Høieste Resolution av 31. oktober 1890, jf. lov av 31. mai 1890, vart riket seinare delt inn i tre overrettskrinsar. Nokre år tidlegare, i 1887 kom «lagmannsretten» på nytt inn i rettssystemet som ankeinstans i straffesaker. Overrettane var ankeinstans i sivile saker fram til 1936, då ringen vart slutta ved at lagmannsrettane tok over funksjonen som sivil ankedomstol frå overrettane. Fram til 1980-talet vart «lagmann» nytta som tittel på leiaren i lagmannsretten, men då fleire lagmenn etter kvart vart utnemnde i lagmannsrettane vart «førstelagmann» teke i bruk som toppleiartittel, og innarbeidd i lovverket ved vedtakinga av lov 2. juni 1995 nr. 26 om endringer i domstolloven og straffeprosessloven m.m. Sjø nærmare i Ot.prp. nr. 25 (1994–1995) Om lov om endringer i domstolloven og straffeprosessloven m.m. side 15.

«Justitiarius» vart nytta som nemning på leiaren av nokre av førsteinstansdomstolane fram til byrjinga av 2000-talet. Det vart den gong vurdert å nytte «justitiarius» eller «tingrettsjustitiarius» som nemning på leiarane i

tingrettane, men departementet uttalte i St.meld. nr. 23 (2001) Førsteinstansdomstolene i fremtiden side 92:

«Justisdepartementet mener 'tingrettsjustitiarius' er lite hensiktsmessig i bruk, samtidig som betegnelsen er vanskelig tilgjengelig for publikum. Bruk av kun 'justitiarius' har etter Justisdepartementets syn ikke det nødvendige presisjonsnivå i forhold til at betegnelsen 'høyesterettsjustitiarius' har en etablert bruk på domstolleder i Høyesterett. Det er Justisdepartementets inntrykk at betegnelsen sorenskriver er godt innarbeidet blant publikum som betegnelse på domstolleder i førsteinstansen. Sorenskriverbetegnelsen ønskes beholdt av flertallet av domstolene selv. Justisdepartementet mener at betegnelsen etter hvert også vil falle naturlig å benytte på domstolleder i de større byene.»

I Sverige og Finland heiter instansen som svarar til lagmannsretten «hovrätt», medan han i Danmark og Island heiter høvesvis «landsrett» og «landsrettúr». Tittelen for leiaren i desse domstolane er «hovrättspresident» i Sverige og Finland, «retspræsident» i Danmark og «forseti», som tydar «president», på Island. Mellomleiarnivået har tittelen «hovrättslagman» i Sverige, «avdelningschef» i Finland, og «funktionschef» i Danmark.

4 Departementet si vurdering og forslag

4.1 Endring av nemninga «lagmannsrett»

Departementet har konsultert Språkrådet under arbeidet med forslaga og sett til deira «Retningslinjer for fastsetting av navn i staten», der det mellom anna går fram at eit statsorgan anten skal ha eit nynorsknamn og eit bokmålnamn, eller eit namn som fungerer på begge skriftspråk. Vidare går det fram at namn i staten skal følgje gjeldande rettskriving og oppfylle andre språklege kvalitetskrav, som at namnet skal vere tydeleg, skildrande og sakleg.

Etter departementet si vurdering bør nemninga på ankeinstansen, som i dag, innehalde ordet «rett», på same vis som «tingrett» og «Høgsterett». Departementet går derfor ikkje vidare med forslaget «ankedomstol». «Ankerett» står i same tradisjon som nemningane på dei andre instansane og er meir skildrande for funksjonen, men dette substantivet er i alminneleg bruk som nemning på retten til å anke, og vil dermed kunne skape unødig forvirring. Dessutan behandlar også Høgsterett anker, og etter departementet sitt syn vil «ankerett» som nemning på underinstansen derfor kunne vere lite pedagogisk overfor publikum. Departementet går dermed heller ikkje vidare med dette forslaget.

Dersom ein tek i bruk nemninga «overrett» vert det tydeleg for publikum at denne domstolen har ei overordna rolle i rettssystemet, samstundes som namnet på høgsteretten får fram at der også er ein enda høgare instans. Namnet «Overrett» har vorte nytta i Noreg i ulike konstellasjonar allereie frå 1600-talet. Ei slik nemning ville likevel etter departementet sitt syn vore meir nærliggande dersom tingretten hadde nemninga «underrett». «Hoffrett» eller variantar av dette er ikkje aktuelt som nemning i Noreg. Nemninga «landsrett» har ikkje tradisjon som nemning i Noreg, og er lite informativ. Heller ikkje den dansk-islandske varianten er derfor etter departementet sitt syn aktuell.

Etter departementet sitt syn er «lagrett» den mest aktuelle nemninga på instansen mellom tingrettane og Høgsterett. Dersom ein tek i bruk nemninga «lagrett» vert namnet på denne instansen i stor grad vidareført som i dag. Fram til juryordninga vart avvikla i 2018 var «lagretten» det offisielle namnet på juryen i lagmannsretten,

og vil kan hende for nokon gi assosiasjonar til dette. Historisk sett har nemningane «lagrett», «lagting» og «lagmannsrett» likevel i nokon grad vorte brukt om kvarandre, og omgrepet har i ulike formar ein svært lang tradisjon som nemning for eller knytt til ein overordna domstol i Noreg. I allmenn språkbruk vart dessutan «lagrette» i tydinga lekfolk som deltok i rettargangen ofte omtala som «jury». Departementet meiner derfor det ikkje er eit tungtvegande argument mot nemninga «lagrett» at ordet kan gi assosiasjonar til den tidlegare juryordninga. Tittelen «lagdommar» vil dessutan kunne bestå utan vidare dersom «lag» vert vidareført i nemninga på domstolen, og nemningane «lagdømme» og «lagsokn» kan bestå. Nemninga «lagrett» kan òg brukast både på bokmål og nynorsk.

Departementet går på denne bakgrunn inn for at lagmannsretten bør få nemninga «lagrett», men ber om høyringsinstansane sitt syn også på dei andre nemningane ovanfor, og innspel til eventuelle andre nemningar.

4.2 Endring av nemningane «lagmann» og «førstelagmann»

Berre Borgarting og Gulating er inndelte i avdelingar, og «avdelingsleiar» er derfor ikkje eit aktuelt alternativ som ny tittel for lagmennene. «Funksjonsleiar», som i Sverige, kan verke noko framand, men kan vere eit mogleg alternativ. I dei andre nordiske landa er toppleiar tittelen «president». Ein slik tittel har ikkje vore nytta i norske domstolar før, og verkar etter departementet sitt syn framand. Det kan òg argumenterast for at det gir lite meaning om tittelen på leiarane i andreinstansen skal vere «president», som i alminneleg språkbruk vert brukt om den øvste leiaren i eit land eller i enkelte organisasjonar, når ein annan tittel vert nytta om leiaren i den høgste domstolen i hierarkiet. Det er i tillegg eit spørsmål kva ein då skal kalle lagmennene.

Departementet foreslår å erstatte nemninga «lagmann» med «lagrettsleiar/lagrettsleder» eller «nestleiar/nestleder i X lagrett». Desse nemningane får fram kva funksjonen er, og ligg relativt tett opp mot tittelen som vert nytta i dag, slik at denne i stor grad vert vidareført.

Når det gjeld nemninga på den øvste leiaren foreslår departementet «førstelagrettsleiar» eller «leiar/leder i X lagrett». Eit mogleg alternativ er «domstolleiar/domstolleder». Ved innføring av ein slik tittel i andreinstansen kan det av omsyn til samanhengen i systemet vere grunn til å vurdere å gi tilsvarende tittel til leiarane i tingrettane. Departementet ber om høyringsinstansane sine synspunkt på desse alternativa, og eventuelle andre forslag til titlar på dei to leiarnivåa i andreinstansen.

Fordi departementet foreslår ulike alternativ inneheld ikkje lovforslaget i punkt 6 dei lovføresegnene som i dag har variantar av «førstelagmann» eller «lagmann» i seg. Dei aktuelle lovføresegnene som må endrast er lov 22. mai 1981 nr. 25 om rettergangsmåten i straffesaker (Straffeprosessloven) § 333 andre ledd, lov 13. august 1915 nr. 5 om domstolene (domstolloven) §§ 10 til 13, lov 1. juni 1917 nr. 1 om skjønn og ekspropriasjonssaker § 34 første ledd, og lov 21. juni 2013 nr. 100 om fastsetjing og endring av eigedoms- og rettshøve på fast eigedom m.m. (jordskiftelova) §§ 7-11 første ledd tredje punktum, 8-1 sjette ledd andre punktum, 8-7 første til fjerde ledd og 8-12 andre punktum.

5 Økonomiske og administrative konsekvensar

Lovendringane som vert foreslått er av terminologisk karakter. Det vert behov for å endre ei rekkje forskrifter på tilsvarende måte og å endre nemningar på skilt og i administrative system. Forslaget vil ikkje ha vesentlege økonomiske og administrative konsekvensar, og departementet føreset at kostnadene blir dekt innanfor gjeldande budsjettrammer.

6 Forslag til lov om endringar i lovgjevinga som følge av innføring av kjønnsnøytrale titlar og nemningar i domstolane

I

I følgjande lovføresegner vert «lagmannsrett», «lagmannsretten», «lagmannsrettens» og «lagmannsrettene» endra til høvesvis «lagrett», «lagretten», «lagrettens» og «lagrettene»:

1. lov 13. august 1915 nr. 5 om domstolene (domstolloven)

§ 1 første ledd nr. 2, § 10 første ledd og andre ledd andre, fjerde og femte punktum, § 11 fjerde ledd første punktum og femte ledd, § 14, § 15 andre ledd, § 19 andre ledd andre punktum, § 38 tredje punktum, § 55 første ledd og andre ledd andre punktum, § 55 a første ledd andre punktum, § 55 b andre ledd andre punktum, § 55 d, § 62 a, § 64 første ledd og andre ledd første, andre og fjerde punktum, § 86 første ledd første punktum, § 88 første ledd første punktum, § 117 andre ledd tredje punktum, § 119 første ledd første punktum, § 121 b, § 121 c første ledd, § 121 e første ledd, § 143, § 223 første ledd andre tredje og fjerde punktum, § 235 første ledd andre punktum, § 236 første ledd og § 239 tredje ledd tredje punktum.

2. lov 21. juli 1916 nr. 2 om vidners og sakkyndiges godtgjørelse m.v

§ 12 nr. 1 andre punktum og nr. 2.

3. lov 1. juni 1917 nr. 1 om skjønn og ekspropriasjonssaker

§ 14 tredje ledd andre punktum, § 15 andre ledd, § 32 tredje ledd, § 33 a andre ledd første punktum og § 34 første ledd.

4. Lov 14. august 1918 nr. 2 om utdrag i sivile saker og straffesaker

§ 10 første ledd første og annet punktum og andre ledd første punktum.

5. lov 17. juli 1925 nr. 11 om Svalbard

§ 6.

6. lov 7. juni 1935 nr. 2 om tinglysing

§ 2 tredje ledd andre punktum og § 3 andre ledd andre punktum.

7. lov 15. desember 1950 nr. 7 om særlige rådgjerd under krig, krigsfare og liknende forhold

§ 10 og § 14 første og andre punktum.

8. lov 16. desember 1966 nr. 9 om anke til Trygderetten (trygderettsloven)

§ 18 andre ledd, § 26 første ledd og andre ledd og § 29 fjerde ledd tredje punktum.

9. lov 13. juni 1980 nr. 35 om fri rettshjelp

§ 27 første ledd tredje punktum.

10. lov 22. mai 1981 nr. 25 om rettergangsmåten i straffesaker (Straffeprosessloven)

§ 6 nr. 1, § 7, § 8 første ledd, § 21 første ledd nr. 1, § 25, § 35 første ledd første punktum, § 68 femte ledd andre punktum, § 76 andre ledd første og andre punktum, tredje ledd første punktum og femte ledd første punktum, § 109 første ledd første punktum, § 130 a femte ledd første punktum, § 165 tredje ledd andre punktum, § 272 første ledd tredje punktum, § 275 første ledd andre punktum og andre ledd andre punktum, § 306 første ledd, § 315 andre ledd andre punktum, § 321 første ledd første punktum og andre ledd første punktum, § 322 første og andre ledd, § 323 første ledd tredje punktum og tredje ledd, § 330 andre punktum, § 331 første ledd, § 332 første ledd første punktum, § 333 første ledd, § 334 første ledd første punktum, § 335 første punktum, § 336 andre ledd, § 339 andre ledd første punktum, § 388 første ledd og andre ledd første punktum, § 389 første ledd andre punktum, § 398 a andre ledd femte punktum, § 400 andre ledd første og andre punktum, § 466 andre ledd fjerde punktum, § 470 første ledd tredje punktum og § 476 andre ledd.

11. lov 17. desember 1982 nr. 86 om rettsgebyr (rettsgebyrloven)

§ 8 første ledd tredje punktum og åttende ledd andre punktum.

I tillegg vert kapitteloverskrifta til kapittel 2 B endra til «Tingrettene, lagrettene og Høyesterett».

12. lov 18. mai 2001 nr. 21 om gjennomføring av straff mv. (straffegjennomføringsloven)

§ 58 andre ledd andre punktum.

13. Lov 26. april 2002 nr. 12 om notarius publicus

§ 5 første ledd og andre ledd første, andre og tredje punktum.

14. lov 5. mars 2004 nr. 12 om konkurranse mellom foretak og kontroll med foretakssammenslutninger (konkurranseloven)

§ 39 fjerde ledd.

15. lov 17. juni 2005 nr. 62 om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. (arbeidsmiljøloven)

§ 17-7 første ledd.

16. lov 17. juni 2005 nr. 90 om mekling og rettergang i sivile tvister (tvisteloven)

§ 4-1 tredje ledd, § 6-14 tredje ledd tredje punktum, § 9-1, § 9-12 fjerde ledd bokstav b, § 13-8 første ledd første punktum, § 20-12 fjerde ledd fjerde punktum, overskriften og første ledd i § 29-1, § 29-10 første ledd andre punktum og tredje ledd første punktum, § 29-12 første ledd og andre ledd, § 29-13 første ledd første punktum, andre ledd første punktum og fjerde ledd andre punktum, § 29-14 andre ledd første punktum, § 29-22 andre ledd, overskrifta og andre ledd, tredje ledd andre punktum og fjerde ledd første punktum i § 29-23, § 29-23 andre ledd andre punktum, § 30-1 første ledd, § 30-2 første ledd første punktum, fjerde ledd, femte ledd første punktum og sjette ledd, overskrifta i § 30-3, § 30-6, § 30-10 tredje ledd, § 30-15 første ledd andre punktum, § 31-1 tredje ledd, § 31-8 femte ledd, § 31-9 andre ledd og § 36-10 tredje ledd første punktum og fjerde ledd første punktum

I tillegg vert kapitteloverskrifta til kapittel 29 endra til «Anke til lagrett».

17. lov 26. mars 2010 nr. 9 om vergemål (vergemålsloven)

§ 73 tredje ledd første punktum.

18. lov 21. juni 2013 nr. 100 om fastsetjing og endring av eigedoms- og rettshøve på fast eigedom m.m. (jordskiftelova)

§ 7-11 første ledd første og femte punktum og tredje ledd første og andre punktum, § 8-1 første ledd, femte ledd og sjette ledd første punktum, § 8-6 andre ledd andre punktum og tredje ledd andre punktum, overskrifta og første ledd, andre ledd første, andre og tredje punktum, tredje ledd første punktum i § 8-7, § 8-8 første ledd og tredje ledd første punktum, § 8-9 andre ledd, § 8-10 første, tredje, fjerde og femte ledd, § 8-11 første og andre ledd, § 8-12, § 8-13 første punktum, § 8-14 og § 9-6 andre ledd første og andre punktum.

19. lov 21. juni 2013 nr. 102 om stillingsvern mv. for arbeidstakere på skip (skipsarbeidsloven)

§ 6-4 fjerde ledd første punktum.

20. Lov 14. juni 2019 nr. 21 arv og dødsboskifte (arveloven)

§168 tredje ledd fjerde punktum.

21. Lov 8. mars 2024 nr. 9 om universiteter og høyskoler (universitets- og høyskoleloven) § 12-10 tredje ledd andre punktum.

II

I lov 17. juni 2005 nr. 62 om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. (arbeidsmiljøloven) § 17-7 andre ledd andre punktum vert «lagmannsrettssaker» endra til «saker for lagretten».

III

Lova gjeld frå den tida Kongen fastset.